

9612



NISS13020200



THOMAS

BERNHARD

Ritter

Dene

Voss

det norske teatret

forebels

og størstedelen av ungdomen
 sat rett overfor far min
 Eg har alltid hata han
 Eg ønskte han død
 At han døydde
 har ikkje gjort noko med hatet mitt
*han stiller portrettet på golvet og seier medan han ser på dei andre
 portretta på veggen*
 Alle som ein er motbydelege menneske
 og vi har alt frå dei
 Det finst ingen grunn
 til at vi skal halde ved like
 kontakten med dei døde
 Dei som avla oss
 lønte oss dårleg
 for at vi var barna deira
 Vi er ikkje nettopp komne til
 på grunn av åndsarbeidet deira
*han set seg ved bordet rett overfor den plass der han sat før han reiste
 seg*
 Det er slik det er
 Det er berre hån
 alt saman
*Dene reiser seg og tar og flyttar servise og bestikk frå plassen han sat
 før og til den nye*

VOSS

medan systera igjen heller saus på tallerken hans
 Spisestova
 som alt gale har komme frå
 Far
 mor
 barn
 som alle berre laga helvete
 Alt som var verdt noko
 er blitt drukna i supper og sausar
 hadde eg ein verkeleg
 hadde eg ein verdfull tanke

så drukna mor den i suppe
hadde eg ei verkeleg
hadde eg ei verdfull kjensle
dekka ho den til med sausen sin
Og far sat skruppellaust roleg
og såg på at mor drap alt i meg
Derfor har eg alltid hata
denne spisestova
Frå denne plassen
frå fars plass
er berre dødsdommar blitt felte
Slik har også dykkar lagnad vore
Men eg var ikkje så durkdriven som dykk
Eg gjekk meir eller mindre alltid
med klar forstand
i fella
Foreldra skamma seg ikkje
ikkje eingong mor
sjølv om ho burde vore pålagd å skamme seg
Eg blir nøydd til verkeleg å hate henne
livet ut
om eg skal klare meg
Først den engelske
og så den norske omvegen
Først tru at Universitetet i Cambridge er tingen
så tru at trehuset i Sognefjorden er det
Vi gir opp alt
for å vinne alt
og til slutt er vi mindre verdt enn då vi begynte
Tenk at vi har spelt musikk saman
det er som om det er tusen år sidan
til den eldste systema
Korleis er det
spelar du framleis bratsj
av og til

DENE

Nei nei